

## ***Det er nesten så ein ikkje trur det er mogeleg***



På vent: Reguleringa av ny tunnel mellom Austrepollen og Nordrepollen er sett på vent. Av Hardanger Folkeblad Publisert:05. juni 2020, kl. 05:00

Dersom fylket ikkje har pengar til regulera eit såpass «trygt» prosjekt, så bør det vera mogeleg å få løyvingar frå andre plassar, for eksempel staten.

**MEININGARI** fjor vår fann Hordaland fylkeskommune pengar til å starta opp arbeidet med ei regulering av ny tunnel mellom Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen. No er arbeidet sett på vent, delvis på grunn av samanslåinga av dei to fylka som no heiter Vestland. Fylket ønsker nemleg ei samla prioritering gjennom regional transportplan, som først skal ut på høyring neste sommar.

Nyhenda overraskar ordførar i Ullensvang, Roald Aga Haug, som varslar at han vil følge saka opp.

Prosjektet er av dei beste og viktigaste i vår region, og vil både vera eit rassikringsprosjekt, eit ledd i aust-vest-satsinga og i tillegg vera viktig for internkommunikasjonen i storkommunen Ullensvang. Men som med dei fleste vegprosjekt, så er det sjeldan rett-fram. Det er mange instansar som er involvert og det er tett mellom proppane.

**Då Folgefonntunnelen opna var det 17. mai-stemming og ein gjekk raskt i gang med å jobba for Jondalstunnelen. Då den stod ferdig i 2012 var det med eit relativt beskjedent bidrag frå staten. Fylket, kommunane og bompengar skulle i stor grad finansiera prosjektet.**

Begge dei to prosjekta har vist seg å vera ein suksess. Då bompengeinnkrevjinga i Folgefonntunnelen stoppa i 2016 vart pengar ført tilbake til kommunane fordi tunnelen vart fortare nedbetalt enn planlagt. Det same skjedde med Jondalstunnelen som vart nedbetalt lenge før tida. Det er med dette som bakgrunn at politikarane i Hardanger jobba for den siste nye tunnelen.

Dersom fylket ikkje har pengar til regulera eit såpass «trygt» prosjekt, så bør det vera mogeleg å få løyvingar frå andre plassar, for eksempel staten. Den tredje tunnelen er aktuell fordi dei to første har vore dundrande suksessar. Arbeidet skulle ha vore i gang, men er altså stoppa på grunn av ei omdiskutert fylkessamanslåing. Det er nesten så ein ikkje trur det er mogeleg.